

17. mai feiring i varmt og fint ver.

17.05.2019



Røysterett for Alle er ein fast gjest i kyrkja på 17. mai. Musikalsk leiar: Maria Malmsten.

Salutt - gudsteneste - minnemarkeringar - folketog - korpsmusikk - korsong - tale for dagen - soloinnslag - leikar for born og vaksne og matsal. Ja, slik er 17. mai i Uskedalen. I det fine veret med langhelg for mange var det mindre folk å sjå i kyrkja og i Aktivitetshuset. Frammøte ved Bauasteinen og på Stemneplassen var om lag som det har vore før.

Prest i dag var sokneprest i Kvinnherad Prestegjeld, Kjersti Brakestad Boge. Det var debuten hennar i Uskedalen, ja, faktisk den fyrste gongen ho var inne i denne kyrkja. Talen hennar tok utgangspunkt i den aktuelle saka med sjamanen som reiste landet rundt og tala religion mot betaling. Det er brot på den kristne verdikjærleiken. Frelsa og bøna er gratis. Jesus hjelper til alle tider slik vi er. Han spør ikkje etter vår synd.

Eit nær på fulltalig Røysterett for Alle med sin musikalkse leiar, Maria Malmsten, song vår- og nasjonalsongar. No livnar det i lundar og Å, eg veit meg eit land av Elias Blix er alltid innertiar på nasjonaldagen. Det same må ein sei om Vårsøg av Hyllbak/Sommero.



Sokneprest i Kvinnherad Prestegjeld, Kjersti Brakestad Boge, hadde i dag si fysiske gudsteneste i Uskedalen.

5. klasseelevar framførte diktet Ved Bautasteinen av Olaf Agnar Gausvik, betre enn vi har høyrte det på lenge. Det har samanheng med intens øving med rett uttale, diksjon og god lyd. Uskedal Musikklag spela nasjonalsongar og marsjar.



Elevar frå 5. klasse gjer seg klar til å deklamer Olaf Agnar Gausvik sitt dikt Ved Bautasteinen.

Med folketog via Båthamna og Campingen til Stemneplassen var alt klart for minnemarkering og blomenedlegging ved krigsminnesmerke, som vart reist i 1995.

Jostein Soldal, elev i 10. klasse på Rosendal ungdomsskule, sa fram ein kort og gripande tale om freden og fridomen i eit land som Noreg. Det er ikkje sjølvsgat. Det er noko som må vernast og ikkje gløymast i tida framover. Særleg viktig er det for ungdomen å skjønna bakgrunnen og innhaldet i fridomskampen. Etter Kongesongen la han ned blomar ved minnesteinen.

Del 2 av innlegget frå 17. mai i Uskedalen vert lagt ut i morgon tidleg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Jostein Soldal kom godt frå oppgåva med talen sin på Stemneplassen.

[← Tilbake](#)